det kan dere finne på hjemmesiden til Kirkens Nødhjelp som er www.nca.no

**Olav Rønneberg**
Kateket Stordal, Ørskog og Skodje

## Alpint, super-G, Oppdal:

# Medalje til Kristiane Nakken!

**I landsfinalen i super-G på Oppdal køyrde Kristiane Nakken frå Stordal inn til ei sterk bronsemedalje i går ettermiddag.**

BB • EDMUND MELKILD

- Det er ein svært sterk prestasjon i konkurranse med 75 av dei beste 12- og 13-åringane i landet, seier Magne Tøsse i Stordal Alpin. - Også Andrea Vinje Tøsse gjennomførte ein god konkurranse med å køyre inn til niandeplass. Heile fem løparar frå Stordal deltok i jenteklassen. Dei andre kom litt lengre ned på lista denne gongen. I guteklassen kom Ole-Kristian Årseth frå Grytastranda på ein syttandeplass. I dag (laurdag) og søndag fortsett konkurransane med storslalåm og slalåm.



*Kristiane Nakken, her frå Storslalåm på Overøye tidlegare i vinter.*